

Vedtekter for Myrkdalen Grendalag

1. Laget sitt namn er Myrkdalen Grendalag
2. Laget skal jobba for trivsel og aktivitet i Myrkdalen. Alle som bur i dalen, er medlemmer. Laget er uavhengig og står ikkje tilslutta nokon overordna organisasjon
3. Laget bør elles søkja om tilskot der det kan vera noko å henta. Det skal ikkje betalast medlemskontigent, men dette kan verta aktuelt seinare. Vedtak om dette skal gjerast på årsmøtet.
4. Styret skal vera på fem personar valde på årsmøte. Leiar er på val kvart år. Dei andre styremedlemmene vert valde for to år, to for partalsår og to for oddetalsår.
5. Årsmøtet skal haldast innan mars månad. Dette skal kunngjerast to veker i forkant. Det skal handsama årsmelding - rekneskap - val av styre - innkomne saker. Valnemnd skal veljast. Valperioden er på to år der ein person er på val kvart år. Revisor skal veljast for to år.
6. Styremedlemmer som er på val, skal innan to veker før årsmøtet gje melding til valnemnda om dei tek attval eller ikkje.
7. Laget skal vera registrert i einingsregisteret, mellom anna for å få oppretta bankkonto.

Vedteke på årsmøtet 28/4 -2016